

*«Stad kommune skal vere eit
livskraftig og trygt samfunn der
vi alle dreg i lag».*

Samfunnsmål for Stad kommune



STAD 2020
Eid og Selje i ny kommune

NYTT / frå rådmannen / 15. mai 2018

Innbyggjarane i Eid, Selje og på Bryggja går spennande tider i møte. Stad kommune er snart ein realitet! Som ansvarleg for framdrifta i førebuingane så er eg litt bekymra for at mange tenkjer at det er lenge til 01.01.2020, og at vi difor har god tid til å førebu oss både mentalt og praktisk. Det har vi ikkje! Det er utruleg mykje som må på plass for at Stad kommune skal bli eit velfungerande lokaldemokrati som tek i vare folk sine behov og samfunnet sine interesser frå første dag.

Torsdag 3. mai fekk eg eit utvikpunkt på denne kommunen litt utanom det vanlege. Eg fekk starte dagen i Hoddevika – ein spektakulær stad på jord! Avstanden herifrå til kommunegrensa i aust er ca 12 mil. Det er kanskje ikkje så langt om du kan køyre fort, men når du kører på dei vegane som er tilgjengelege, ja så tar det si tid. I Hoddevika lever folk det gode liv, og dei tar gjerne imot gjester som vil oppleve naturen og elementa, og ikkje minst lære seg å beherske dei. Vi fekk høre historia om ungdomsskuleelevene i Selje og på Stad som får opplæring i symjing, livredning og surfing i dette spektakulære området. Dei siste åra har dei fått høve til å oppleve dette takka vere lokalt engasjement og bidrag frå kommune og næringsliv.

Det er dette vi drøymer om at vi får til ting i lag. Vi har vedtatt eit samfunnsmål for den nye kommunen som skal vere leiestjerna vår i alt vi gjer. Det lyder slik: «Stad skal vere eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag». Det tenkjer eg er mogleg å få til om vi vil, men då må vi ta omsyn til dette når vi skal bestemme korleis den nye kommunen skal organiserast politisk, administrativt og fagleg. Dette arbeidet er vi no i gang med. Korleis skal vi nytte våre samla ressursar i Stad for å skape framtidstru og gode livsvilkår? Eg er overtydd om at dette må vi skape i lag; innbyggjarane, politikarane, dei kommunalt tilsette, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og andre samfunnsaktørar.

Målet mitt er at vi skal drive tenester på ein måte som gjer at vi ser folk og folk sine behov, og at vi skal bruke våre samla ressursar for å skape eit samfunn der det er godt å leve og arbeide, og der det er kjekt å kome på besøk.

Utfordringa framover blir å få folk til å engasjere seg i lokalsamfunnsutviklinga både som kommunalt tilsett, gjennom frivillig arbeid, næringsutvikling og politisk deltaking. Eg håper mange vil vere med på denne dugnaden! Vi treng å bli kjende med kvarandre, så eg håper vi alle tenkjer på å invitere kvarandre til ulike arrangement og aktivitetar framover slik at dette blir mogleg.

Sjølv har eg ansvar for å byggje ein organisasjon som skal stå til teneste for alle innbyggjarane. Eg ser i spenning fram til denne prosessen der eg i lag med mange hundre medarbeidarar skal skape strukturar og tenester som gjer det mogleg å bidra til å skape gode livsvilkår for oss alle!

Med ønske om ein riktig fin 17. mai til dykk alle!

Åslaug Krogsæter
Rådmann / programleiar for STAD 2020

